

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
postmottak@kmd.dep.no

Knarvik 5. februar 2016

Spørsmål om forslag til nytt inntektssystem og kommunesamanslåing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut på høyring eit nytt forslag til inntektssystem for kommunane, med høyringsfrist 1. mars 2016

I dagens system får **alle** kommunar eit basistilskott, i 2016 er det om lag 13,2 mill. kr. I forslaget som er sendt ut vil ein framleis behalde basistilskottet, men det er berre dei kommunane som «ufrivillig er små» som vil få eit uavkorta basistilskott.

Dersom kommunane gjer vedtak om samanslåing innan 1. juli 2016 vil den nye kommunen frå 2020 få eit inndelingstilskott som vil erstatte bortfall av basistilskott og eventuelle småkommunetilskott. Inndelingstilskottet vil bli berekna med bakgrunn i det basistilskottet som vert gitt i 2016.

Ein del av dei kommunane som vil vere aktuelle for å gå inn i den nye kommunen «Nordhordland» vil få eit redusert basistilskott i det forslaget som er sendt ut på høyring. Problemstillinga med avkorting av basistilskott før eventuell samanslåing er ikkje omtalt i høyringsnotatet. Det har vore stilt spørsmål om dette i møte som KS har arrangert, men svara som er gitt har vore noko uklare.

Kommunane er no i forhandlingar om eventuell samanslåing. Regionrådet i Nordhordland ønskjer difor ei rask avklaring om avkorting av basistilskott vil ta til å gjelde allereie frå 2017.

Med vennleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Sakshandsamar: Prosjektleiar Bent Gunnar Næss – tlf. 48 12 46 23

Kopi: Kommunane i Nordhordland
Fylkesmannen i Hordaland